Knappskog skule

***Ikkje offentleg***
***Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1***

# Referat frå møte i samarbeidsutvalet 24.11.2021

| **Dok. ref.:** | | **Møtedato/ Tid:** | 24.11.21 18:00 |
|---|---|---|---|
| **Stad:** | Teams | **Møtenr.:** | 4/2021 |
| **Referent:** | Odd-Erik Kjeldstad | | |
| **Til stades:** | Susanne Nyborg, Marianne Turøy, Odd Erik Kjeldstad, Katrine Abelsen, Inga Grøm Sæle, Monica Fjeldstad, Vibeke Liljegren, Hege Mongstad, Emmeli Hovden og Johan Olsen. Cecilia Byrknes var invitert inn i SU for å informera om læringsmiljøarbeidet. | | |
| **Forfall:** | Elna Nybakk, kommunal representant | | |

## SAKSLISTE

| **Tema** | **Beskrivelse** | **Oppfølg.** |
|---|---|---|
| | **Faste saker** | |
| **Saker frå skulen** | • **Læringsmiljø.** Cecilia Byrknes informerte om det nyoppretta BTI-teamet på skulen. BTI står for betre Tverrfagleg innsats. Det vart informert om korleis skulen jobbar med mobbesaker etter §9a i opplæringslova og etter prinsipp om barnets-beste vurdering. | |
| | • **Gjennomføring av julearrangement.** Ut frå ei totalvurdering og med råd frå smittevernlegen vart det bestemt å endre julearrangementa til eitt utandørs arrangement ved amfiet 14. desember kl 1800. Skulen v/lærarane tek ansvar for innhaldet – FAU tek ansvar for faseliteringa utandørs. | Rektor<br>FAU-leiar |
| | • **Ordensreglement.** Rektor la fram forslag til nytt ordensreglement på skulen. Det gamle ordensreglementet er utdatert og ikkje i tråd med gjeldande reglar og forskrifter. Fram legg til nytt ordensreglementet vart vedtake med følgjande endringar:<br>o Elektriske sparkesyklar vert likestilt med ordinære syklar.<br>o Det kjem inn ei presisering av at reglane gjeld i heile skuletida, det vil seie skule og SFO.<br>o Det vert opna opp for pedagogisk bruk av mobiltelefon. | Rektor |

| | | |
|---|---|---|
| | | |
| **Saker frå FAU** | • Fau ynskjer å pynte med lys på skulen slik som i fjor. Dei ber om tilgang på strøm.<br>• Fau ynskjer å få organisert ein dugnad for å rydde på loftet. Skulen ordnar container etter jul.<br>• Fau ynskjer å få organisert elevkvelder. For 1.-4. trinn og for 5.-7. trinn.<br>• Fau-leiar informerte om oppstart for 17. mai komiteen. | Fau-leiar<br>Rektor |
| **Saker frå Elevrådet** | Elevrådet hadde følgjande saker:<br><br>• Nye nett på fotballbana<br>• Inngjerding av fotballbana<br>• Tydlegare grense i skogen ved fotballbana<br>• Nye benkar på skulen<br>• Leikekassar til bruk i friminutta<br>• Arrangere turneringar t.d. kanonball som prosjekt skuletida.<br><br>Elevrådet fekk skryt for konstruktive forslag som Rektor, lærarar og foreldre skal sjå på. Rektor lova nye nett på fotballbana så snart innkjøpsstoppen vert oppheva. Fau skulle sjå om dei kan bidra med leikekassar. | Rektor, fau og lærarane. |
| **Saker frå SFO** | • Ikkje saker frå SFO utanom at dei ynskte ei presisering om at ordensreglementet og skal gjelde på SFO. | Rektor |